



# ÅMLI KOMMUNE

- BYGDA FOR ALLE



## Temaplan for strategisk næringsutvikling i Åmli kommune 2016-2019

Vedtatt av kommunestyret 27.10.2016, sak K-16/113



# INNHALD:

<b>1</b>	<b>Innleiing</b>	<b>4</b>
1.1	Bakgrunn og mandat	4
1.2	Kva vil kommunen med denne planen?	4
1.3	Korleis planen er bygd opp	4
1.4	Organisering av planprosessen	4
1.5	Forhold til andre kommunale planar, tidlegare prosessar og prosjekt	5
1.5.1	KOMMUNEPLANEN	5
1.5.2	ANDRE KOMMUNALE PLANAR, AKTUELLE PLANAR OG PROSJEKT	5
1.6	Forhold til andre overordna planar	6
1.7	Rullering av planen	6
<b>2</b>	<b>Situasjonen i Åmli i dag</b>	<b>7</b>
2.1	Generell utfordring for kommunalt næringsarbeid	7
2.2	Utfordringar, sterke og svake sider ved lokalt næringsliv	7
2.3	Fordelar som kan utnyttast betre	8
2.4	Svake sider som må kompenseras	9
2.5	Kommunen sitt næringsapparat	9
2.6	Regionalt samarbeid	9
2.7	Infrastruktur – status og utfordringar	9
2.7.1	VEG	9
2.7.2	JERNBANE	10
2.7.3	INTERNETT – BREIBAND	10
2.7.4	MOBILTELEFONI	10
<b>3</b>	<b>Statistiske nøkkeltal</b>	<b>11</b>
3.1	Folketal	11
3.2	Sysselsetting/ressursgrunnlag	11
3.3	Faktorar som kan bety noko for å auke aktiviteten	12
<b>4</b>	<b>Mål for næringsarbeidet i Åmli kommune</b>	<b>13</b>
4.1	Hovudmål	13
4.2	Delmål med strategiar og tiltak	13
<b>5</b>	<b>Vedlegg</b>	<b>15</b>
5.1	Rapport frå Telemarksforsking	15
5.2	Oppsummering av SWOT-analysen i arbeidsgruppene	15

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn og mandat

Åmli kommune har tidlegare hatt eigen næringsplan. Gjeldande kommuneplan inneheld ein eigen næringsdel som har erstatta næringsplanen. Åmli kommune har ikkje landbruksplan, men ein eigen kommunedelplan for skogbruk, vedtatt i 2003.

Kommuneadministrasjonen og politikarane har lenge sett behov for ein eigen næringsplan. Plan- og bygningsloven opnar for at det blir utarbeidd kommunedelplanar for bestemte område, tema eller «virksomhetsområder» PBL §11-1. Næringsplanen har status som temaplan.

Kommunestyret vedtok i møtet 31.03.2016 K-sak 16/25 oppstart av arbeidet med næringsplan for Åmli kommune. Næringsplanen skal omfatte alle typer næringar, slik at ein ser ein god samanheng for ei god satsting. Landbruksnæringsane blir derfor ein del av næringsplanen, men vil ikkje ha eit omfang som ein sjølvstendig landbruksplan.

## 1.2 Kva vil kommunen med denne planen?

«Temaplan for strategisk næringsutvikling i Åmli kommune» skal vere Åmli kommune sitt næringspolitiske verkøy, og eit dokument som konkretiserer måla for næringsutvikling som ligg i kommuneplanen. Planen skal legge grunnlag for eit godt samarbeid mellom kommunen-næringslivet- frivillige lag og organisasjonar. Planen ender opp i tiltaksplan med ansvarsfordeling. Det er naturleg at denne blir evaluert som ein del av kommunen sin handlingsplan med budsjett. Det skal vere ein levande plan. Næringsarbeid vil alltid vere i endring.

## 1.3 Korleis planen er bygd opp

Strategisk planlegging skal sette ei retning for framtida. Analyser ligg i botnen og danner grunnlag for val og prioriteringar på kort og lang sikt.

«Temaplan for strategisk næringsutvikling i Åmli kommune» inneheld ein omtale av situasjonen i dag, fordeler som kan utnyttast betre og svake sider som kan kompenseras. Næringsaktørane sine innspel i planprosessen og statistiske nøkkeltal ligg til grunn. Ut frå dette er det formulert hovudmål, delmål og strategiar med tiltakskort og ansvarsfordeling.

Omsynet til overordna planar må vere tilstades, men planen skal ta opp i seg dei spesielle forholda som gjeld lokalt. Andre lokale planar fungerer som kunnskapsbase og er retningsgjevande

## 1.4 Organisering av planprosessen

Kommunestyret har gitt mandat til å starte arbeidet med ein strategisk næringsplan i K-sak 16/25. Næringsdrivande blei inviterte til å delta i arbeidsgrupper saman med oppnemnde formannskapsmedlemmer. *Frammøtet har variert, men næringsdrivande har deltatt i alle tre arbeidsgruppene. Rådgjevargruppa har hatt sekretærfunksjon.*

Følgjande arbeidsgrupper har vore i arbeid:

*Handel – kontor, omfattar også netthandel:* Formannskapsmedlem Hans Fredrik Tangen, sekretær kulturrådgjevar Tonje Ramse Trædal

*Handverk – byggebransje, omfattar bygg, anlegg, transport, industriell produksjon:* Ordførar Reidar Saga, sekretær skogbruksrådgjevar Olav Vehus

*Landbruk- reiseliv, omfattar tradisjonelt landbruk, tilleggsnæringer innan landbruk og reiseliv:* Varaordførar Margit Smeland, sekretær jordbruks- og næringsrådgjevar Kari Hagelia Olstad.

Oppstart av planarbeidet blei innleia av Knut Vareide, Telemarksforsking 27.04.

Vidare har det vore 3 arbeidsmøte, 12.05, 26.05 og 7.06, der arbeidsgruppene har utarbeidd ein SWOT-analyse og oppsummert i plenum. Jordbruks- og næringsrådgjevar har vore sekretær i planprosessen.

Utkast til plan blei lagt fram i ope møte 8.09. Etter innspel i dette møtet, går planen til Planutvalet for behandling og vidare til Kommunestyret for vedtak. Tiltak som vil kreve finansiering blir lagt fram som budsjettsaker for 2017.

## **1.5 Forhold til andre kommunale planar, tidlegare prosessar og prosjekt**

### **1.5.1 KOMMUNEPLANEN**

Revidert Kommuneplan for Åmli 2007-2019, vedtatt av Kommunestyret 18.12.2014, K-sak 14/184 har følgjande visjon og mål:

**Visjon: Åmli kommune – bygda for alle**

**Hovudmåla er:**

- **Sikre eksisterande arbeidsplassar og skape grunnlag for etablering av fleire nye, varierte arbeidsplassar i forhold til heiltids- og deltidsplassar, og varierte i forhold til tenesteyting, service og produksjon.**
- **Skape gode bumiljø i sentrum og ute i grendene basert på ei berekraftig utvikling med vekt på trygghet, trivsel og livskvalitet.**

Desse måla har lenge stått fast. Fokus på næring og arbeidsplassar er høg!

For å nå hovudmåla har kommunen ei rolle som tenesteytar, forvaltar og lokalsamfunnsutviklar i samspel med kommunen sine innbyggjarar.

Kommuneplanen har eigne styringskart for kvart fagfelt også for plan- og næring.

Det er spesielt fokusert på hyttebygging, lokal foredling, fornybar energi og Åmli vidaregåande skule.

**«Temaplan for strategisk næringsutvikling i Åmli kommune» skal bidra til at Åmli skal vere ein attraktiv stad å bu, besøke og drive næring i .**

### **1.5.2 ANDRE KOMMUNALE PLANAR, AKTUELLE PLANAR OG PROSJEKT**

Kommunedelplan for skogbruk. K-sak 03/010

Kommunedelplan for småkraftverk

Plan for idrettsanlegg, fysisk aktivitet og friluftsområde.

Trafikksikringsplan for Åmli kommune 2016-2019, K-sak 16/27

Kulturminneplan er under arbeid.

SNU- prosjektet 2006-2009.

Hustavle for turisme i Åmli: Målsetting: Noregs beste turistmål innan veiledda naturopplevingar

Innbyggjarundersøkinga i Åmli 2012 viste lågare score enn landsgjennomsnittet på kommunen som bustad,- og omdømmet kan bli betre!

## 1.6 Forhold til andre overordna planar

### Nasjonale føringar.

I det nasjonale forventningsdokumentet til regional og kommunal planlegging vedtatt i 2011, blir berekraftig utvikling vektlagt. Følgjande tema er sentrale i føringane:

- Klima og energi
- By- og tettstadsutvikling
- Samferdsel og infrastruktur
- Verdiskaping og næringsutvikling
- Natur, kulturmiljø og landskap
- Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø

### Regionplan Agder 2020 – Med overskudd til å skape.

Planen har fem hovudsatsingsområde.

- Klima: Høye mål – lave utslipp
- Det gode livet: Agder for alle
- Utdanning: Verdiskaping bygd på kunnskap
- Kommunikasjon: De viktige veivalgene
- Kultur: Opplevelser for livet

**VINN Agder - Regional plan for innovasjon og bærekraftig verdiskaping i Agder 2015-2030.** (VINN står for Verdiskaping + INNovasjon).

Planen er ei oppfølging av Regionplan Agder 2020, og har fem plantema:

- Entreprenørskap, næringsutvikling og nyskaping
- Forskning og utvikling
- Reiseliv
- Landbruk og marine næringer
- Innovasjon i offentlig sektor

**Strategisk næringsplan for Østre Agder 2015-2020:** Planen legg vekt på å bygge verdier og strukturar nedanfrå som næringslivet finn godt vekstgrunnlag innanfor. Dette skal gje eit godt rammeverk for regionsamarbeidet.

#### Hovudmål:

***Østre Agder skal ha et våkent, voksende og vitalt næringsliv med en sysselsettingsutvikling som er bedre enn gjennomsnittet i Norge.***

## 1.7 Rullering av planen

Planen omfattar planperioden 2016-2019 og gjeld inntil kommunestyret reviderer planen. Planen skal reviderast minst ein gong per kommunestyreperiode.

Tiltaka/handlingsdelen skal evaluerast og rullerast ein gong i året i samband med møte med næringsdrivande. Tiltaka må inn i kommunens årlege handlingsprogram og budsjett. Rapportering skjer gjennom kommunens årsmelding.

## 2 Situasjonen i Åmli i dag

### 2.1 *Generell utfordring for kommunalt næringsarbeid*

Fafo-studien «Kommunen som samfunnsutvikler» viser at «kun 15% av næringslivslederne mener kommuneorganisasjonen har en god eller meget god forståelse for næringslivets behov, mens hele 82% av rådmenn eller næringsansvarlige mener det samme» I flg. Wekre, seniorrådgjevar i Distriktsenteret, har «**næringsutvikling i kommune-Noreg vore driven etter ei overdriven førestilling om at planar, penger og organisering skapar utvikling aleine. Dette er ikkje nok. I tillegg må ein ha samhandling, utviklingskultur og tillit.**»

Dette er ei utfordring som må gripast fatt i, og det må til ein tettare dialog mellom kommunen og næringslivet.

### 2.2 *Utfordringar, sterke og svake sider ved lokalt næringsliv*

*Følgjande oversikt er utarbeidd på bakgrunn av innspela frå arbeidsgruppene gjennom ein SWOT-analyse. Innspela kan strike i ulike retningar alt etter oppfatning og behov hos den enkelte verksemda. Denne oversikten viser ei oppsummering med vekt på mest mogleg felles, overordna innspel.*

Oppsummering frå kvar arbeidsgruppe ligg som vedlegg i pkt. 5.2.

#### **Sterke sider:**

- Oversiktleig, rimeleg bygningsmasse, god tilgong på arbeidskraft, avstand ein styrke, få konkurrentar, godt fritidstilbod.
- Landbruk har gode vilkår for volumproduksjon, lett tilgjengelege areal, store utmarksressursar
- Stort dyrkingspotensiale
- Gardsbruk er ofte basis for utvikling av nye næringar – ringverknader,
- Sentrum med gamle bygningar er unikt, kulturminner – mange middelalderbygningar.
- Grei avstand til byar med tilgong til større marknader, spesielt for turisme.
- God moglegheit for tilrettelagt friluftsliv
- Tvedestrand og Åmli vidaregående skole er ein viktig ressurs
- «Kommunen er bra»

#### **Svake sider:**

- Transport, avstand avhengig av kva ein er van med og type bedrift
- Flaumfare
- Fråflytting frå mindre gardsbruk, gjengroing
- Mentalitet, tregheit « folk kommer ikkje på ting»
- Næringsaktørane kjenner ikkje godt nok til kvarandre
- For lite samarbeid
- Netthandel utgjør den største handelslekkasjen for mindre spesialforretningar
- Få innbyggjarar – lita kundegruppe
- Få overnattingsplassar sentrumsnært
- Vegstandard i regionen

#### **Moglegheiter:**

- Betre samarbeid – handel/reiseliv/overnatting
- Vise til kvarandre – guide-mappe
- Skilting – få folk til å stoppe
- « Telemarksvegen – hovedvegen til det norske eventyret» samlande marknadsføringskanal og næringsnettverk

- Guida turar/opplevingar
- Ta vare på det enkle – natur
- Legge til rette for bubil
- Hytteeigarane i kommunen er ein viktig ressurs – utgjer ei større kundegruppe
- Informasjonspakke til nyinnflytta – marknadsføring
- Klargjere næringsareal for rask etablering
- Subsidiere næring – tomteprisar
- Bygge opp kommunalt næringsfond
- «Kommunen må reindyrke næring, gje aktiv hjelp straks»
- Ladestasjonar – viktig for reiseliv
- Etablering av netthandel i tilknytning til mindre butikkar
- Bru over til Engenes

### Truslar

- Manglande næringsareal i sentrum, fragmentert utbygging
- Kortsiktig budsjettpolitikk, uforutseibare rammevilkår
- Litt passivt næringsliv, handelslekkasje
- Mangel på stoltheit, negativitet til andres suksess
- «Må bli som i byen»
- Jobber mykje for lite, gjeld mange sjølvstendig næringsdrivande
- Lite fritid for mange små bedrifter og i landbruket
- Vanskeleg å få fagleg gode avlørsarar i landbruket.
- Tilgang på kapital, ofte store investeringar særleg i landbruksnæringane
- Mangel på kommunikasjon

### 2.3 Fordelar som kan utnyttast betre

- Billige tomter til næringsetablering
- Vidareføre kommunalt deleigarskap i nyetablerte næringsbygg
- Veksthuset – innandørs næringsareal - gjennomtrekkskontor
- Dedikere ein ressurs/ person til å halde oversikten/ vere «hjelpemotor» for næringsdrivande som vil skape og utvikle
- Bli meir synleg – skilting mot sentrum knytta til rasteplassar
- Hyttefolk utgjer ein marknad, dialogmøte, samarbeid med Åmliavisa om brosjyre før sommarsesongen (påske).
- Betre informasjon om kvar bedrift, bl. a overnatting, aktiviteter, arrangement (produktark)
- Utnytte sosiale media, kursing
- Spele på lag med frivillige lag – arrangement og aktiviteter gjer bygda attraktiv og skapar ringverknader
- Badeplassen med kiosk
- Satse på lokale ressursar; det som er vårt – natur, jordbruk, skogressursar
- Næringsutval, næringforening – pleie dei som er her – MILJØ!
- Sterkare næringsavdeling

## 2.4 Svake sider som må kompenseras

- Sentrumsstruktur – få folk til å stoppe – leikeapparat og tog for barn i stasjonsparken og ved pakkestasjonen
- Synleg aktivitet for barnefamilier – ved pakkestasjonen i sør og klatrepark over elva frå nordsida
- Bru og rundkjøring
- Sliten bygningsmasse i delar av sentrum – opprusting
- Regulere området midt i sentrum til næring og kultur
- Unne kvarandre suksess
- Idebank
- Bli betre til å vise til kvarandre – kommunikasjon

## 2.5 Kommunen sitt næringsapparat

Åmli kommune har følgjande ressursar på næring:

- Skogbruksrådgjevar 100 %
- Jordbruks- og næringsrådgjevar 100%
- Næringsrådgjevar 40% stilling

Desse stillingane ligg under eininga Samfunn. Etter omorganiseringa 1.01.16 er ressurs på næring redusert med 60%, sidan leiar av Samfunn, tidlegare Plan- og næring, har leiaransvar for ei langt større eining. I tillegg er ein 40% merkantil ressurs avvikla. Under eininga Samfunn har ein etablert eit rådgjevarteam. I tillegg til næringsarbeidarane deltar leiar av Samfunn og kulturrådgjevar. Arbeidsoppgåvene er knytt til forvaltning og utvikling. Gjennom rådgjevarrolla formidlar ein kontakt til aktuelle fagmiljø og finansieringskjelder.

## 2.6 Regionalt samarbeid

- Regionalt næringsteam for Østregionen
- Næringsnettverk – Østre Agder
- Fagsamlingar for jord- og skogbruksrådgjevar i regi av Fylkesmannen.
- Telemarksvegen - samarbeid mellom 6 kommunar i Agder og Telemark for felles marknadsføring og utvikling av besøksnæringar

## 2.7 Infrastruktur – status og utfordringar

Infrastruktur har vore eit viktig tema i planprosessen. Status og vidare utfordringar er oppsummert. Slik næringsarbeidet stadig vil vere i endring, vil også behov, ytre krav og tilrettelegging av infrastruktur vere i endring.

### 2.7.1 VEG

Vegstandard er viktig. Det er mange omsyn å ta; trafikksikkerheit, oppleving for reiseliv, transport av varer og produkt til og frå viktige næringsaktørar og effektiv pendlarveg.

Åmli kommune har i lang tid hatt fokus på oppgradering av flest moglege vegar til 60 tonn tillatt last og 24 m vogntoglengde for tømmertransport. Denne standarden vil også tilfredstille fleire av dei andre omsyna ein må ta.

#### Riksvegar

Tilfredsstillande innanfor Åmli kommune, men Tveitsund bru i Treungen er eit hinder for tømmertransport.

#### Fylkesvegar

- Fv 271 Javnes-Smeland-Gjevde bru: 10 tonn akseltrykk, 50 tonn totalvekt
- Fv 272 Baas – Dale : 24 m og 60 tonn totalvekt
- Fv 274 Valleken – Tveit-krysset: 24 m og 60 tonn totalvekt

- Fv 276 Øy-Felle: 24m og 60 tonn totalvekt opp til Tollekleivdammen, siste avkjørsel, men Nobbesund bru er bare 10 tonn akseltrykk og 50 tonn totalvekt

#### **Kommunale vegar**

- Vehusheia maks 8 tonn akseltrykk – brua nederst er for svak

Elles tilfredsstillande for viktige transportvegar for tømmer

#### **Skogsvegar**

Det er betydeleg opprustingsbehov på dette vegnettet

### **2.7.2 JERNBANE**

Opprusting av sidesporet Nelaug – Simonstad er Jernbaneverkets ansvar. Åmli kommune er i dialog om saka i samband med mogleg nyetablering på Jordøya. Privat/kommunalt spor over Jordøya avventer mogleg nyetablering på Jordøya.

### **2.7.3 INTERNETT – BREIBAND**

Utbygd fibernett til dei aller fleste bustader og bedrifter som har ønska slik tilgong. Utviklinga går raskt i denne bransjen, viktig å følgje med på utviklinga slik at våre løysingar ikkje blir umoderne.

### **2.7.4 MOBILTELEFONI**

Stort sett god dekning med moderne teknologi til dei fleste stader med fast busetjing. Ønskeleg med betre dekning i ein del heimområde, særleg med omsyn på friluftsliv og sikkerheit.



### 3 Statistiske nøkkeltal

Dette kapittelet viser til vedlagt rapport frå Telemarksforsking i pkt 5.1, og er ei oppsummering av konklusjonane i rapporten.

#### 3.1 Folketal

Folketalet i Åmli har gått ned med 1,4 % frå 2000 til 2014. På same tid har Aust-Agder hatt ein vekst på 13,3 % og landet 16,4 %.

Folketal pr 1.07.2016 er 1850 innbyggjarar.

Åmli har hatt eit fødselsunderskot på 0,5% årleg. Landet har stabilt fødselsoverskot.

Folketal, alderssamansetning og kjønnsfordeling har lenge vore ei utfordring for Åmli.

Telemarksforsking nyttar attraktivitetspyramiden som eit verktøy for å sjå på utvikling og utviklingsmoglegheiter. Attraktivitet for bedrift, besøk og bustad verkar saman.

**Åmli må ha høg attraktivitet for busetting for å få auke i folketalet. Med nøytral attraktivitet vil folketalet stå nesten stille. Med same attraktivitet som før, vil folketalet kunne auke til 1911 innbyggjarar i 2030. Med høg næringsattraktivitet som bringer arbeidsplassveksten over gjennomsnitt for landet vil Åmli kunne få vekst i befolkningen tilsvarande opp til 13 personar pr år.**

#### 3.2 Sysselsetting/ressursgrunnlag

Samla tal arbeidsplassar var 2,2 % lågare på slutten av 2014 enn i 2000.

Aust-Agder har hatt vekst på 12.1% og landet 17,2%. Store endringar innan oljebransjen har medført endringar den siste tida.

**Åmli hadde fleire arbeidsplassar i privat næring i 2014 enn 2000, ein vekst på 6,5% i tal arbeidsplassar. Men færre arbeidsplassar i det offentlege.**

**Fordeling av sysselsette i ulike næringer (2014):**

- 25% av dei sysselsette er i basisnæringer; industri, landbruk, næringsmiddel
- 10% i besøksnæringer; aktivitet, handel, overnatting
- 18% i regionale næringer; agentur/engros, bygg, anlegg, finans, transport
- 26% offentleg; kommune
- 6% Stat/fylke
- 15% netto utpendling

**Åmli har hatt nedgang i basisnæringane, og i besøksnæringer, men kraftig vekst i regionale næringer. Åmli har mykje av bransjer som anna industri, landbruk og næringsmiddel; basisnæringer.**

I Åmli har arbeidsplassveksten bidratt negativt til flyttetala i alle åra etter 2008.

**Men nettoflyttinga til Åmli har vore betre enn forventa i mange år.**

Åmli må ha enten høg arbeidsplassvekst eller høg bustadsattraktivitet for å få same nettoflytting som resten av landet.

**Åmli har vore ein attraktiv bustadkommune etter 2000. Det har styrka flyttinga og ført til ein ekstra vekst/mindre nedgang i folketalet tilsvarande 5%, nesten 100 innbyggjarar!**

**Åmli har hatt ein svært lite gunstig bransjestruktur. Mange arbeidsplassar i bransjer med nedgang; - men har likevel klart å skape vekst i næringslivet!**

Åmli har :

- **høg attraktivitet for basisnæringar, landbruk og industri**
- **høg attraktivitet for regionale næringar, anleggsbransje og netthandel**
- **låg attraktivitet for besøksnæringar**

Utviklinga i Åmli er langt betre enn forventa, både når det gjeld flytting og næringsutvikling. Åmli har dermed vore ein attraktiv kommune, både for næringsliv og for busetting. Åmli må ha godt over middels attraktivitet for å unngå nedgang i arbeidsplassar !

### 3.3 *Faktorar som kan bety noko for å auke aktiviteten*

Telemarksforsking viser til fire kategoriar av attraktivitetsfaktorar:

Omdømme		
Areal og bygningar	Ameniteter (Goder)	Identitet og stadens kultur

Nivå på desse faktorane har tilsynelatande ingen effekt, det er endring som påverkar attraktiviteten . Det er viktig med ein samarbeids- og endringskultur. For å få nok kraft må alle aktørar mobiliserast.

Generelle råd frå Telemarksforsking:

- **Bruk det du har - sats på det næringslivet og dei bedriftene som er på staden frå før**
- **Ha felles mål - kommunen og næringslivet må ha felles oppfatning av verkelegheit og mål. Hugs at det er bedriftene som skal skape større verdiar og fleire arbeidsplassar**
- **Gjer kommunen bu-attraktiv - det gjer det lettare for bedriftene å rekruttere**
- **Samarbeid - legg mykje arbeid i å konkretisere faktiske tiltak og handlingar. Kven skal gjere kva? Få med næringsliv, foreningar og innbyggjarar i arbeidet for å skape attraktivitet for næringsliv og busetting. Kommunen kan ikkje greie det aleine!**
- **Tenk nytt – ikkje gjer det same som alle andre kommunar**

(Utdrag av KLP-magasinet nr 01.2016).

## 4 Mål for næringsarbeidet i Åmli kommune

### 4.1 Hovudmål

Åmli kommune skal vere ein motiverande og aktiv tilretteleggar for nærings- og utviklingsarbeid.

Åmli kommune skal ha eit variert og nyskapande næringsliv med fokus på lokale ressursar og fortrinn.

Åmli kommune skal bidra til å skape ein JA-kultur for vidare utvikling og vekst i eksisterande bedrifter.

### 4.2 Delmål med strategiar og tiltak

(«Administrasjonen» blir nytta felles for kommunale stillingar, arbeidsfordeling skjer internt i dei ulike einingane)

#### Prioritere næringsutvikling basert på lokale ressursar

Tiltak	Ansvar
Utvikle eit treindustrisenter i Åmli næringspark; Jordøya*	Administrasjonen, Østre Agder, næringsliv Budsjettsak*Kommunestyret
Fortsatt satsing på hyttebygging	Administrasjonen, grunneigarar
Lokal mat, matforum	Administrasjonen, prosjekt-Telemarksvegen, næringsliv
Sykkelveg Åmli-Treungen*	Administrasjonen i Åmli og Nissedal kommunar, prosjekt -Telemarksvegen Budsjettsak*Kommunestyret
Vidareutvikle Topp 20 med kulturminneløyper	Administrasjonen, Turistforum, Friluftsrådet Sør
Etablerar-rettleiing	Administrasjonen med støtte frå bl.a Innovasjon Norge

#### Sikre næringslivet i Åmli gode, stabile og oversiktlege rammetilhøve, med bl.a næringsbygg, næringsareal og infrastruktur

Tiltak	Ansvar
Sikker og fleksibel tilgang på næringsstomter og marknadsføre desse	Administrasjonen Planutval
Marknadsføre ledige næringslokale	Administrasjonen
Sikker og fleksibel tilgang til bustadtomter og marknadsføre desse	Administrasjonen
Deltaking i næringsteam i Østregionen /Østre Agder	Administrasjonen
Lokalt næringsfond*	Budsjettsak * – sette av større del av Kraftfondet Kommunestyret
Bidra til ei effektiv utvikling innan landbruksnæringsa med bl.a tilgang til dyrkingsareal, leigeareal, kulturlandskapsprosjekt	Administrasjonen Grunneigarar
Skilting, rasteplassar med leikeanlegg	Administrasjonen Statens vegvesen
Arbeide for tilfredsstillande vegstandard, FV, RV, kommunale og private vegar	Administrasjonen, næringsliv, fylkeskommunen, Statens vegvesen
Mobiltelefonnett og breibandsnett Vidareutvikle i takt med resten av landet	Administrasjon, politikarar, næringsliv

### Vidareutvikle satsinga på besøksnæringar ; reiseliv/turisme/handel – auka attraksjonskraft

Tiltak	Ansvar
Delta i samarbeidet «Telemarksvegen – hovedvegen til det norske eventyret»	Administrasjonen Lokale næringsaktørar
Guida turar/ aktiviteter	Administrasjonen Turistforum, næringsaktørar
Felles marknadsavis vår- årleg	Administrasjonen, næringsliv Åmliavisa
Gratis frokost, arrangement i gata vår/sommar - årleg	Næringslivet
Brosjyrebyttedag mai - årleg	Administrasjonen næringslivet
Oppsummering med reiseliv/handel Haust – årleg	Administrasjonen næringslivet
Dialogmøte med hyttefolk - årleg	Ordførar + administrasjon Hytteegarar/hytteforeningar

### Legge til rette for kompetanseheving lokalt

Tiltak	Ansvar
Arbeide for Tvedestrand og Åmli vidaregåande skole – fortsatt skule/som ein ressurs: folkehøgskule, kurscenter, fokus på naturbasert næringsliv	Ordførar, kommunestyret Administrasjonen, Åmli skule, Tvedestrand og Åmli vidaregåande skole
Kurs innan marknadsføring bl.a sosiale media	Administrasjonen, næringsliv
Fagmøte for utvikling av Garden som ressurs	Administrasjonen, aktuelle faglag
Entreprenørskap frå barnehage til skuleslutt	Barnehagane i Åmli og Dølemo oppvekstsenter Åmli skule, Administrasjonen
Næringsmesse Jobbavis/Karriereavis	Åmli skule Administrasjonen, næringsliv, NHO

### Etablere tettare kontakt mellom kommune, næringsliv og frivillige lag og organisasjonar (her er nytta rådgjevarteam i staden for administrasjon)

Tiltak	Ansvar
Årleg næringsmøte, ope møte	Rådgjevarteam + ordførar
Besøk på minst 20 eksisterande verksemder pr år	Rådgjevarteam, fordelt etter arbeidsområde + ordførar
Møte med alle nyetablerte og oppfølgingssamtale innan 1 år	Rådgjevarteam, fordelt etter arbeidsområde

### Styrke og /eller effektivisere ressursane på næringsarbeid i kommuneadministrasjonen

Tiltak	Ansvar
Sekretærfunksjon for næringslag Næringskoordinatør*	Åmli kommune v/ rådgjevarteamet Næringslivet dannar forening, registrert i Brønnøysund med egne vedtekter *Budsjettsak - Kommunestyret
Regelmessige møte; «tenketank»/lunsjmøter/idebank 4 gonger pr år	Rådgjevarteam + næringsforening + ordførar
Bondekafe og fagmøte	Rådgjevarteam , faglag

### Etablere gode rutiner for informasjon mellom administrasjon og politikarar

Tiltak	Ansvar
Jamnleg informasjon mellom administrasjon - formannskap	Ordførar, formannskap, rådgjevarteam
Årleg temamøte om næringsarbeid i kommunestyret	Ordførar

## 5 Vedlegg

### 5.1 Rapport frå Telemarksforsking

### 5.2 Oppsummering av SWOT-analysen i arbeidsgruppene

